

**KONTROLLUTVALET I  
SYKKYLVEN KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 15. februar 2017, kl.14.00  
Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles tilstades:

Ståle Eikrem, Karen Elise Matheson, Torill Velle og Roger Welle

**= 4 og 5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.  
Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Odd Jostein Drotninghaug.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart innmeldt to saker under eventuelt.

**SAK 01/17  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. SEPTEMBER 2016**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 14. september 2016 blir godkjent.

**SAK 02/17  
NIVÅET PÅ DRIFTSUTGIFTENE I SYKKYLVEN KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.02.2017

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil på ulik vis, t.d. gjennom rapportering frå administrasjonen ha merksemd på om det ligg føre grunnlag for effektiv ressursbruk og optimal drift for styrka formuesbevaring i kommunen si økonomiforvaltning.

**SAK 03/17**

**PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I SYKKYLVEN KOMMUNE**

Saksdokument/instilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.02.2017

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

1. Det blir utført ein kontroll av korleis kommunen generelt ivaretek sine eigarinteresser inkludert vurdering av behov for framtidig interkommunalt samarbeid i forhold til kommunestrukturen.
2. Det blir delegert til kontrollutvalet å ta avgjersle om det skal utførast kontroll av enkelte selskap.

**SAK 04/17**

**ORIENTERING OM SAKER LEIAR OG SEKRETARIAT HAR ARBEIDD MED HAUSTEN 2016**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.02.2017 og orientering gitt av leiar.

Orienteringa gjald avklaringar av habilitetsproblematikk gjeldande avgifter på Fjellsætra ,jft. K-sak 49/16, bygging av brannstasjon og rolleavklaring i Storfjordterminalen AS.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 05/17**

**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT, REVISJON OG KOMMUNESTRUKTUREN**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.02.2017

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 06/17**

**ORIENTERINGAR**

Dagleg leiar i kommunerevisjonen orienterte om forvaltningsrevisjonsrapporten om ÅRIM IKS som er forventta ferdigstillt i løpet av våren 2017.

Dagleg leiar i kontrollutvalsekretariatet orienterte om arbeidet i prosjektgruppa for Nye Ålesund når det gjeld interkommunale selskap og at sekretariat og kommunerevisjon vil halde seg orientert om arbeidet i gruppa.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 07/17**

**VEDKOMANDE EIGARMØTE I SYKKYLVEN ENERGI AS**

(Saka kom opp under eventuelt)

Roger Welle stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Ved votering vart Roger Welle erklært inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd.

Medlem av kontrollutvalet, Roger Welle, hadde møtt på eigarmøtet, men valgte å forlate møtet fordi møteleinga meinte han ikkje hadde møterett. Roger Welle har teke dette spørsmålet opp med kontrollutvalet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber kontrollutvalsekretariatet avklare dette spørsmålet fortrinnsvis til neste møte.

**SAK 08/17**

**VEDKOMANDE EIGARSKAPSMELDINGA TIL SYKKYLVEN KOMMUNE**

(Saka kom opp under eventuelt)

Under drøftinga av plan for selskapskontroll tok Karen Elise Matheson opp spørsmålet om tida no var moden for å ta eigarskapsmeldinga til Sykkylven kommune opp til ny vurdering. Med bakgrunn i dette la ho fram følgjande forslag:

*Kontrollutvalet ber Sykkylven kommune om å ta opp eigarskapsmeldinga til ny vurdering. Siste gong eigarskapsmeldinga vart behandla og vedteke var i november 2013.*

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber Sykkylven kommune om å ta opp eigarskapsmeldinga til ny vurdering. Siste gong eigarskapsmeldinga vart behandla og vedteke var i november 2013.

Rolf Bergmann  
leiar  
(sign.)

Ståle Eikrem  
nestleiar  
(sign.)

Karen Elise Matheson  
medlem  
(sign.)

Torill Velle  
medlem  
(sign.)

Roger Welle  
medlem  
(sign.)